



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Svein Kornerud, 5557 2027  
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato  
27.02.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/16479 542.1  
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Radøy

### **Arealdelen i kommuneplanen for Radøy kommune - forståing av planen for kva areal som er avsett til akvakultur – manglande planavklaring**

Vi viser til brev av 31.01.2017 frå Hordaland fylkeskommune i sak om utvida og endra plassering av akvakulturanlegg på lokalitet Toska Sør i Radøy kommune. Fylkeskommunen har sendt kopi av brevet til Radøy kommune.

Fylkesmannen i Hordaland gjorde i brev av 25.01.2017 til Radøy kommune greie for at det aktuelle sjøarealet i saka er eit hovudformål som ikkje er tilstrekkeleg avklart til akvakultur. På grunnlag av det uttalte Fylkesmannen i Hordaland i brev av 27.01.2017 at ein ikkje kunne gi løyve til tiltaket etter forureiningslova § 11, då arealbruken ikkje er avklart.

Vi har i brevet vårt av 25.01.2017 til Radøy kommune gjort greie for den generelle lovforståinga for arealformål etter plan- og bygningslova. Vi gjer i brevet merksam på at der kommunen har nytta hovudformålet, skal kommunen gi føresegner som klargjer vilkåra for bruk og vern. Det gjeld generelt for bruk av hovudformål i kommuneplanen. Både lova og forarbeida er tydeleg om det, og at det er eit krav for arealavklaringa. Vi viser vidare til den konkrete forståinga vår av kommuneplanen, der vi konkluderer med at:

*«Vi må slå fast at kommuneplanen fastset at einebruk akvakultur berre kan vere der det er lagt ut som berre dette formålet i kommuneplanen (rosa område). Det er ikkje grunnlag for å lese kommuneplanen annleis og plan- og bygningslova gir ikkje grunnlag for anna. Vidare framstår dette også klart som meininga til kommunen då ein utgreia og vedtok kommuneplanen.»*

Radøy kommune har ikkje gjort ei endeleg avklaring av arealbruken i sjø der kommunen har nytta hovudformålet. Det er derfor ikkje grunnlag for kommunen til å seie at plasseringa av anlegget i hovudformålet er i samsvar med arealføremålet. Vi kan heller ikkje sjå at Hordaland fylkeskommune legg til grunn riktig plan- og lovforståing.

Vi presiserer at det er Radøy kommune som må gjere den nødvendige arealavklaringa i kommuneplanen etter reglane i plan- og bygningslova. Nødvendig avklaring av areal og formål i kommuneplanen skjer ikkje, og kan ikkje gjerast etter akvakulturlova og ikkje av fylkeskommunen. Kommuneplanen har heimel i plan- og bygningslova, ikkje i akvakulturlova.

Vi gjer derfor merksam på at Fylkesmannen ikkje kan gi løyve til tiltaket etter forureiningslova § 11. Innhaldet i brevet vårt av 27.01.2017 om det ligg fast.

Etter brev av 31.01.2017 frå Hordaland fylkeskommune har vi også funne grunn til nokre presiseringar av overordna omsyn med utgangspunkt i plan- og bygningslova.

Arealplanlegginga i kommunane skjer i hovudsak etter plan- og bygningslova som heimlar kommuneplanen. Lova seier allereie i formålsparagrafen at ein skal ta miljøomsyn i planlegginga, samt at planlegging skal samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver:

*«Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.»*

*«Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.»*

Lova har også egne utgreiingskrav for miljø og samfunn i kapittel 4, der det i § 4-2 m.a. heiter at:

*«For regionale planer og kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse – konsekvensutredning - av planens virkninger for miljø og samfunn.»*

Vi finn også grunn til å vise til at Fylkesmannen har ei overordna rolle etter plan- og bygningslova, jf. pbl. § 3-2:

*«Fylkesmannen skal påse at kommunene oppfyller plikten til planlegging etter loven.»*

Det er også eit grunnlag for at vi til Radøy kommune gjer greie for reglane i plan- og bygningslova og for synet vårt på kva som er arealavklart i kommuneplanen til kommunen. Vi presiserer at det følgjer av lovene at kommunen først skal gjere ei arealavklaring etter reglane i plan- og bygningslova før tiltak kan handsamast etter særlovene.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Arve Meidell  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Kystdirektoratet	Serviceboks 2	6025	ÅLESUND
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN